

## REIS DET NORSKE FOLKEMÅLET!

Treng arbeidsfolk bry seg om den norske målstriden? Ja, fordi denne striden gjeld retten til å vere seg sjolv i tale og skrift. Det er kamp for målføra og det skriftmålet som byggjer på dei: nynorsken.

Arbeidsfolk flest snakkar eit norsk målføre, det er ikkje utskjemt bokmål. Målvitskapleg sett er målføra fullverdige mål, dei er ikkje vulgære, stygge, urette, slurvete og uskjønlege slik mange har fått pota inn i seg i skulen eller på arbeidsplassar der dei får pålegg om å leggje av seg dialekten og snakke "skikkeleg". Den som står for slikt, driv med grov nedvurdering og måltvang. Målet er ein del av personlegdomen, det syner kven du er og kven du kjenner samhøyrsla med. Å gjere narr av målet er difor å gjere narr av dei som brukar det. Følgja er at mange vert utrygge både i språk og framferd. Dette er det berre dei store og mektige i samfunnet som tener på, dei set seg sjolve, målet og kulturen sin opp som det ulastande og einaste rette mønsteret. Slik kan dei halde det arbeidande folket nede og hindre at det reiser seg til strid for betre kår.

Dette er det målreisinga vil gjere ende på. Arbeidsfolk skal ikkje lenger skjemmast for sitt eige mål og ljote språke stivt bokmål for å verte godtekne. Målføret er det rette målet i tale, og det må og vere grunnlaget for skriftmålet. Men for dei fleste skuleborn er det ikkje slik, dei får opplæring i det danskrøtte bokmålet som kom inn i danske-tida. Det byggjer ikkje på målføra anten i by eller bygd, og slik vert det å lære bokmål jamgodt med å lære eit anna mål og ikkje berre ei ny uttrykksform for eins eige mål.

Slik er det ikkje med nynorsken. Han kom opp for å reise det tilsidesette norske målet, og for at andre og enn overklassen i byane skulle få retten sin i målvegen. Nynorsken er open for tilfang frå alle målføre, og den dagen då alt arbeidsfolk tek honom i bruk, gjer ein langt steg fram mot frigjeringa frå all trælking økonomisk og politisk.

Nynorsken vert idag sabotert i statsstyringa, skuleverket og kringkastinga. Den private pressa og næringslivet vil halde honom ute så sant det er råd. Størst politisk skade har samnorsk- og språkfredspolitikken til DNA gjort: å "loyse" målspørsmålet med språkpolitisk tuskhandel i rettskrivingsnemnder i staden for å kjempe for nynorsken. Slik hanna arbeidarrørsla i ei målpolitisk blindgate, og medan målfolk slost seg imellóm, kunne riksmålsreaksjonen gå til duka bord. Skulesentralisering og skorten på nynorske lærebøker under DNA-styret gjorde ikkje saka betre.

I dag er målrørsla i frangang att, og vi brukar 1. mai til å reise målstriden blant arbeidsfolk. 1. mai er kampdagen til det arbeidande folket, og i 1. maifeiringa finn vi plassen vår saman med andre demokratiske

framstegsrørsler. Etter grundig orðskifte vedtok medlemsmotet i Studentmållaget med stort fleirtal å gå med i Fagleg 1. maifront (FFF). Dette er ein demokratisk oppbygd organisasjon der vi og andre frontorganisasjonar kan gå med på vårt eige grunnlag. Ein viktig del av demokratiet i FFF er reservasjonsretten: at vi slepp å ta stilling til saker som anten ikkje har vore drofte eller ligg utanom arbeidsfeltet vårt.

Det andre toget 1. mai er eit valkamptog for høgre- og venstresosialdemokratane i DNA og SV. Der kan ikkje målfolk gå. Vi går ikkje i 1. maitog med dei som motarbeider oss politisk: vi har ikkje gloynt at DNA og NKP roysta mot måljamstelling då Bergen vart storkommune. Krokvegar og sosialdemokratisk klassesamarbeid set målreisinga attende. Berre kamp fører målsaka framover, difor: MÅLFOLK, SLUTT OPP OM FAGLEG 1. MAIFRONT!

Målparolane:

FRAM FOR DIALEKTANE OG DET NYNORSKE SKRIFTMÅLET

- Avvis den sosialdemokratiske språkfredspolitikken
- Fram for bergensdialekten og strilamålet
- Språkleg jamstelling i kommuneadministrasjonen
- Nynorsk som skulenål i Bergen
- Læreboker på begge mål til same tid og same pris NO!

1. nainemnda i Studentmållaget  
i Bergen